



Dikkedammene AS v/Kåre Soltvedt
Marøyvegen 200
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/977 - 15/11435

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
25.09.2015

Byggesak Gbnr 27/86 Nordre Kvalheimsneset hyttefelt - massedeponi tomt 24 (gbnr 27/92) - førehandsvarsel

Tiltakshaver: Kåre K. Soltveit

Grunneigar: Kåre K. Soltveit

Det vert vist til synfaring på eigedomen 07.08.2015 og kommunen sitt notat etter synfaring av same dato. På synfaring vart det gjeve følgjande opplysningar når det gjeld gbnr 27/92 (tomt 24), jf. notatet:

«Tomt 24

I følgje Grung er det godkjent oppført hytte på tomt 24.

Tomt 24 vert nytta som massedeponi. Kommunen gjorde merksam på at bruk av tomten som massedeponi ikkje er i samsvar med reguleringsplan eller byggeløyve, og såleis er eit ulovleg tiltak. Grunneigar har sikra området med anleggsgjerde, og vil starte arbeid med flytting av steinmassane innan 14 dagar etter oppstart av grunnarbeid på tomt 26.»

Kommunen legg til grunn at eigedomen vert nytta som massedeponi. Det ligg føre løyve av 01.08.2013 (sak 245/13) til oppføring av fritidsbustad. Det ligg ikkje føre løyve til bruk av eigedomen som massedeponi. Massedeponi er heller ikkje i tråd med arealføremålet byggeområde for fritidsbustad.

Kommunen vurderer tiltaket som eit tilhøve i strid med plan- og bygningslova.

Kommunen legg vidare til grunn at arbeid på gbnr 27/90 (tomt 26) starta opp 05.09.2015. Fristen grunneigar sjølv oppgav er med det oversitte.

Frist for retting

Det ulovlege tilhøvet må **rettast innan 16.10.2015**

Retting må skje ved at deponerte masser vert fjerna.

Kommunen må få skriftleg underretting når massene er fjerna. I tillegg må det sendast inn dokumentasjon/foto av at tilhøvet er retta.

Førehandsvarsel om vedtak med pålegg om retting

Om det ulovlege tilhøvet ikkje vert retta innan fristen kan saka verte følgd opp med pålegg om retting etter pbl. § 32-3.

Det vert orientert om at dersom eit pålegg ikkje vert følgd, kan kommunen utferde førelegg etter pbl. § 32-6. Eit førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglene for dommar. Eit førelegg kan tinglysast som hefte på eigedomen.

Førehandsvarsel om vedtak om tvangsmulkt

Om pålegg om retting ikkje vert etterkome, har bygningsstyresmakta høve til å fastsetje tvangsmulkt etter pbl. § 32-5. Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel.

Det vert orientert om at pålegg som ikkje vert etterkommen vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som en rettskraftig dom, jf. pbl. § 32-6.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/977.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Grung Arkitektur as

Pb. 29 Fantoft

5899

BERGEN

Mottakarar:

Dikkedammene AS v/Kåre Soltvedt

Marøyvegen 200

5937

BØVÅGEN